

# Refleksjonsspørsmål knytt til å stille opne spørsmål

## **I kva grad nyttar eg open spørsmål i undervisinga?**

Her kan (video)observasjon vere ei god hjelp i refleksjonen slik at ein ikkje drøftar kva ein *trur* ein gjer, men kva ein faktisk gjer. Forsking tyder på at det ofte ikkje er samsvar mellom det lærarar trur dei gjer og det dei faktisk gjer. Det er lett å snakke meir om kva ein har intensjon om å gjere enn kva ein faktisk får gjort i praksis.

I denne refleksjonen kan det og vere nyttig å sjå forholdet mellom lukka spørsmål som etterspør faktainformasjon, som «kven skreiv boka Glassklokken?» eller stadfesting eller avkretting (Tenkjer du at den gamle dama er mystisk?) og opne spørsmål. Fakta spørsmål har ein plass i læringsfremmande diskusjonar, men er ikkje tilstrekkeleg.

## **Korleis kan dei opne spørsmåla i klippet bidra til ytterlegare læring hos eleven? .. og for dei andre elevane?**

## **Korleis kan eg arbeide med å nytte open spørsmål målretta i undervisningssituasjonar?**

## **Kva med dei elevane som ikkje naturleg snakkar i plenum, korleis kan eg ha slike læringsfremmande diskusjonar med desse elevane?**

## **Vi ser her døme på ein lærar som nyttar opne spørsmål. Er det andre sentrale læringsfremjande ferdigheiter som læraren nyttar?**

Det er ikkje målet å illustrer dette i denne filmen, men heile sekvensen er eit døme på at læraren inviterer eleven til meta-kognitiv tenking, altså tenking om eiga tenking. Spørsmåla «Kan du ta oss litt igjennom hvordan du har tenkt når du vil beskrive henne?» og «Hva var det som fikk deg på tanken at hun var rar, her har vi rar, gal, mystisk?» er spesifikke invitasjonar til meta-kognitiv tenking.

Målet med ein slik refleksjon er tosidig. For det første kan refleksjonen gjere læraren meir medviten korleis han/ho nyttar opne spørsmål i undervisinga og såleis bidra til endå meir medviten og målretta bruk av denne type spørsmål. For det andre kan det bidra til at lærarar kan auke bruken av opne spørsmål der det er mogleg.